

1 **TV PU 24-4 Betre forbrukerrettigheitar på Sørlandsbanen**

2 Frå Midt-Telemark Venstre

3 Sørlandsbanen er ein av dei jernbanestrekningane som har därlegast punktlegheit i landet, og
4 passasjerane kan ikkje lenger stole på at toget kjem, at dei får tilstrekkeleg informasjon, eller at
5 alternativ transport blir sett opp. Dette er uhaldbart og skaper stor frustrasjon her og nå, og på
6 lang sikt flukt frå tog som transportmedel.

7 Midt-Telemark Venstre meiner derfor at det må stillast større krav til togselskapet GoAhead om å
8 ivareta informasjonsplikt og å stille med alternativ transport på ein føreseieleg og
9 tilfredsstillande måte. Sjølv om feilen ligg hos BaneNOR eller andre selskap som GoAhead
10 samarbeider med, er det viktig for passasjerane at eitt og same selskap har ansvar for service ut
11 mot passasjerane og ivaretar dei som står på perrongen og ventar på eit tilbod som ikkje alltid
12 kjem.